

MOTTATT
07 SEPT 2012

Samferdselsdepartementet
v/ statsråden
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo

Tilhengjarane av høyringsutkastet til ny parkeringslov nærast slår fast at biltrafikken vil bli mindre dersom lovforslaget blir vedteke. Fleire kjem til å bruka buss, heiter det vidare, til og frå butikkar og varehus dersom det blir tvungen parkeringsavgift. Dette resonnementet er, mildt formulert, påfallande - og i realismens namn aldeles feil. Vi har å gjera med ei feilslutning, fordi premissane er feilaktige, og ei lov må for all del ikkje byggja på feil premissar. Når ein høyrer denne kverninga om at fleire vil bruka buss i samband med butikkærend, og at biltrafikken blir redusert, tek ein til å lura på om lovmakarane og dei som støttar forslaget kjenner til korleis samfunnet fungerer frå landsende til landsende. Eller er det, som nemnt i eit tidlegare notat om saka, berre Oslo og forholda der som utgjer bakgrunnen for lovteksten? I lovframlegget etterlyser eg ei langt større forståing for korleis tilværet fungerer for befolkninga i dette landet.

Realitetane er som følgjer: For å få folk til å reisa kollektivt, må det eksistera eit tilbod. Svært mange av oss har ikkje eit offentleg transporttilbod å satsa på. Følgjeleg må all transport føregå med eigen bil. Også folk utan noko offentleg transporttilbod må handla, vanlegvis i næraste by eller på næraste tettstad, alt etter ønske og behov. Alle som ikkje har noko alternativ til bilen og bruken av denne, vil oppleve det som svært urettferdig å måtta betala for å parkera ved f.eks. varehusa. Når det er umogleg å utføra oppdrag og plikter på annan måte enn ved å køyra bil, lyt vi godta det, og erkjenna den faktiske situasjonen. Ei slik erkjenning gjeld også for politikarar og medlemmer i f.eks. miljøorganisasjonar. Det er drygt å postulera at fleire vil ta buss om parkeringsavgift blir innført. Har lovmakarar og tilhengjarane av forslaget førstehandskjennskap til kollektivtilbodet over heile landet - også i områda der det ikkje går buss, kanskje med unntak av ei skarve skulerute? Eg blir skikkeleg lei meg, nærast på den politiske institusjonens vegner, når eg registrerer resonnement som som konkluderer med at folk vil bruka meir buss dersom det blir kravd betaling for å parkera ved varehus - og arbeidsplassar, for den del. Men når det ikkje går bussar, kva då? Dessutan må ein tenkja over endå eitt moment: Generelt er det svært upraktisk, og lite tenleg, å satsa på

busstransport når ein skal handla. Same om busstilbodet skulle vera velutbygd til og frå ulike varehus, vil ikkje folk nytta det på handleturane, fordi det blir for tungvint. Folk som handlar, har vanlegvis mange kolli å dra på, og det er vanskeleg å frakta desse på ein buss. Dette seier jo seg sjølv. I tillegg er som oftast familiane saman om å handla, og då er det naturlegvis mest føremålstenleg å køyra bil. Summa summarun kan vi difor seia at ei parkeringsavgift ved varehus, blir å sjå på som endå ei utgift for lovlydige borgarar, som lever i samsvar med samfunnets konvensjonar og retningslinjer. Folk får ei ekstra -og illegitim- utgiftsbør å slita med, og mest illegitim verkar denne bora for dei millionar av oss som ikkje har noko alternativ til bilen, korkje når vi skal handla eller dra på arbeid. Ingen i departementet må innbilla seg at det går bussar overalt. Dei fleste av oss kan ikkje berre knipsa med fingrane, og så kjem det ein buss. Vi som har tilhald på landsbygda lyt også handla på varehusa nær bysentrum. For oss blir ei parkeringsavgift å sjå på som ein rein provokasjon. For dei i hovudstaden er det gjerne lett å tenkja seg at folk i Oslo sentrum dreg til Vinterbru eller Sandvika storsenter (med bil) for å handla. Men varehusa bremsar mykje trafikk inn mot byanes sentrum, også sentrum av Oslo. Det er difor fullstendig feil at besøk på store varehus framkallar meir biltrafikk. Situasjonen er den motsette, i alle fall for min del. Eg sparar fleire tusen kilometer pr. år ved å handla på eit stort varehus i staden for i sentrumsområdet av næraste by, og tusenvis av andre i dette distriktet har det på same måte. Eg skjønar difor ikkje kva belegg lov- makarane og støttespelarane til lovutkastet har for bombastisk å utbasunera at varehus framkallar meir biltrafikk. Er det scenariet Oslo-Vinterbru som svirrar i bakhovudet ? Men Noreg er noko meir enn ein akse frå Follo til Bærum, via Oslo sentrum! Tvungen parkeringsavgift er noko av det mest urettferdige som er føreslått, og det finst definitivt ikkje fnugg av dekning for å lansera eit slikt tiltak. Tanken vinn ikkje klangbotn i folket, fordi han er så bortanfor all realisme. Tenkjer ein ikkje på at eit fleirtal av befolkninga ikkje under noko omstende har høve til å reisa med buss til og frå butikkar og varehus ? Det er ikkje berre ei sentrumsbefolkning som skal handla. Også vi på landsbygda må til byane, elles blir det, bokstavleg talt, svelt-i-hel. Realitetane må sigra, elles kan valsigeren neste år stå i fare! Det må utvisast forståing for korleis samfunnet verkar.

Elles er det ein ~~oppplagd~~ ting at innbyggjarane sjølve må få avgjera kvar handelen skal føregå. Vi må også få bestemma når på døgeret vi skal handla. Rytmen i tilværet er ulik for dei fleste av oss, og i vår tid er vanlegvis ikkje folk i husstandane disponible til kvar ei tid. Den heimeverande husmora er no blitt meir eit unntak enn ein regel, og godt er det. Politikarane skal naturlegvis ikkje leggja føringar for kvar vi skal, eller bør handla. Dei fleste av oss har eit kundeforhold til ein eller fleire butikkar, som ikkje berre kan avviklast.

Vennleg helsing

SE Austbø
Svein Elling Austbø

S.E. Austbø
Våg
5570 Aksdal

MOTTATT
30 AUG 2012

290812

Samferdselsdepartementet
v/ statsråden
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo

Eg lurar -med rette- på om enkelte lovforslag er utforma med situasjonen i Oslo, og berre Oslo, som bakgrunn og referanse. Når ein ser på innhaldet og tonen i framlegget til ny parkeringslov, blir ein freista til å tru at det er nedteikna med utgangspunkt i forholda i Oslo og næraste omland, utan eit blikk eller ein tanke retta mot resten av landet og oss som har tilhald der. For ordens skuld minner eg om at dei fleste innbyggjarane i Noreg bur utanfor hovudstadsområdet, berre ein brøkdel har adresse i Oslo, men i enkelte politiske samanhengar skulle ein tru at Oslo åleine utgjør Noreg. Forslaget til ny parkeringslov er eit døme i så måte. Mykje av innhaldet i lovframlegget verkar urimeleg - og er urimeleg, sett frå ståstaden til den store mengda av menneske som bur på landsbygda, men som lyt dra til ein eller annan by for å arbeida, handla, gå på skule osv. Med inspirasjon frå tabloidjournalistikken kan det seiast at det er ein himmelvid motsetnad mellom Oslo, på den eine sida, og resten av landet på den andre, i praktisk talt alle forhold, men ikkje minst når det gjeld spørsmål som gjeld trafikk og transport, for ikkje å seia transportbehov. Livsstilen og livsrytmen i Oslo-området er diametralt annleis enn i resten av landet. Dette kan i det minste eg skriva under på, som har prøvd livet både i hovudstaden og på den tjukkaste og mest grisgrendte landsbygda. Ei overordna innvending mot forslaget til ny parkeringslov blir difor at det er for mykje påverka av forholda i hovudstadsområdet. Eg lurar forresten på korleis statsministeren tenkte då han for ei tid tilbake en passant nemnde at "dei fleste kunne sykla til jobben." Frå Parkveien til Løvebakken i Oslo er det fullt mogleg å sykla, enkelt å spasera like eins, men kva med oss som bur utanfor Oslo, sågar landleg til, og som lyt til byane for å tena pengar og utføra ærend av nødvendig karakter? Noreg er meir, og noko anna enn Oslo. Dette momentet må departement, statsråd og andre i politiske posisjonar ha i tankane i det vidare arbeidet med parkeringslova.

Det er uforståeleg at lovmakarane trur, eller innbiller seg, at folk kan handla såvel mat som andre typar varer utan å måtte bruka bil til og frå butikkane. Vi skal jo frakta med oss det vi kjøper, og det dreier seg om nokre kilo kvar gong. I Oslo er det mogleg for mange av innbyggjarane å spasera til butikken, vel å merka dersom det ikkje er så nøye kva butikken

heiter, for hovudstaden er rikeleg utstyrt med (gjerne små) daglegvare-butikkar. Men i resten av landet er situasjonen totalt annleis. Her er det lange avstandar for dei fleste, og korleis skal vi koma fram utan å måtta bruka bil? Det er jo det mest opplagde i verda at vi må køyra til og frå butikken eller varehuset. Buss er uaktuelt, så lenge vi bur utanfor Oslo. Sjølv har eg ca. 15 kilometer til butikken. Skal eg ta beina fatt på denne distansen? Tusenvis av innbyggjarar har meir enn mine 15 kilometer, og det seier seg sjølv at noko anna transportmiddel enn bilen er praktisk (og fysisk) umogleg. Dessutan er gjerne heile familien/husstanden saman om å dra til butikken. Berre unntaksvis går ein av familiens medlemmer og handlar. Den politiske institusjonen må for ein kvar pris innsjå og skjønna at bruk av bil er tvingande nødvendig når innbyggjarane skal handla, og vi på landsbygda må vanlegvis til ein by eller ein større tettstad for å få det vi treng av daglegvarer, og utstyr til hus og heim. Vi kan ikkje gå eller sykla milevis. Det seier jo seg sjølv. Kollektivtilbodet er så sparsamt utbygd i Noreg utanfor Oslo at det er umogleg å basera seg på det når ein skal utføra eitt eller anna ærend. I tillegg er det upraktisk å frakta daglegvarer og andre ting på ein buss. Attåt dette må det påpeikast at landet vårt har til dels vanskelege klimatiske og topografiske forhold, og i mange område er det ein topografi som gjer det vanskeleg å gå eller sykla. Vinterstid er det jo heilt uråd å bruka sykkel.

Eit pålegg om parkeringsavgift ved varehus og på andre parkeringsplassar blir i realiteten ein hån mot oss landsens menneske, som slit for å få endane til å møtast i kvardagen, både økonomisk og på andre måtar. Mat må vi ha, også vi som bur utanfor Oslo, og klede må vi ha, og desse tinga lyt vi vanlegvis til ein by for å få tak i, evt. til eit varehus i utkanten av byen. Eg -og mitt hus- har ikkje noko anna alternativ enn bilen når vi skal handla, og den faktiske situasjonen er lik for husstandar flest, i alle fall utanfor hovudstaden. "Premien" for å utføra nødvendige gjeremål skal så vera parkeringsavgift, såvel ved varehusa som ved arbeidsplassane. Her er det ein logisk brest, for å seia det forsiktig. Det er visseleg slik i vår tid at byane treng arbeidskraft. Men norske bykommunar kan ikkje på langt nær busetja all arbeidskraft som det er trong for. Difor lyt mange finna bustad i nabokommunane, og pendla til og frå arbeid. Til denne type trafikk må også bilen brukast, i og med at det ikkje finst alternativ. Dette med pålagd parkeringsavgift er både uvennleg, utoleleg og uakseptabelt, og høyrer ikkje heime i eit samfunn som det norske. Det politiske miljøet må innsjå og erkjenna at folk flest, som ein gjerne seier, er nøydde for å bruka eigen bil på handleturane, av fleire årsaker. Ved dei store varehusa er parkering ikkje noko såkalla knapphetsgode, vanlegvis. Samtidig sparer folk mange kilometer pr. år ved å handla på varehusa.

Pålagd parkeringsavgift skal ikkje førekoma, punktum!

Vennleg helsing


Svein Elling Austbø

Samferdselsdepartementet
v/ statsråden
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo


Forslaget til ny parkeringslov, som departementet har sendt til ulike høyringsinstansar, er til dels prega av inkonsekvens og urovekkjande, uakseptable element. Det eg, naturleg nok, reagerer mest på, er idéen om at kommunane skal påleggja varehus o.l. å innføra parkeringsavgift, sågar på område som er privat grunn. Det vil i praksis seia at grunneigarane ikkje får råderett over eigne område, og ein slik praksis kan vi ikkje ha i samfunnet. Ei ordning med pålagd parkeringsavgift strir mot all sunn fornuft, det er eitt aspekt. Eit anna moment er at stat og kommune set til side den private sjølvrådetretten, og tek seg til rette på areal offentlege etatar ikkje skal styra over. Her har vi både eit demokratisk og juridisk problem. Rett tankegang er sjølv sagt at dei som eig eit område, som t.d. blir nytta til forretningsføremål, sjølve avgjer om det skal kosta å parkera ved butikkane. Verken departement eller kommunar skal instruera grunneigarane i så måte. Denne type politisk praksis høyrer ikkje heime i eit samfunn som vårt, men snarare i land med regime vi her i Noreg ikkje ønskjer å samanlikna oss med.

Ei av årsakene til påfunnet om pålagd parkeringsavgift er visstnok at departementet vil føra handel og kundar frå store varehus til byanes sentrumsområde. Men skal ikkje folk få handla der det er ønskjeleg? Lovframlegget byggjer på den tanken at parkeringsavgift ved varehusa i utkanten av byane, gjer desse handlestadene mindre attraktive. Følgjeleg vil fleire søkja mot sentrum - trur lovskaparane. Men er det så enkelt? Nei, på ingen måte. Varehusa er komne for å bli, og etter mitt syn, er desse store anlegga ei av dei største velsigningane vi har i samfunnet, ikkje minst i eit miljømessig perspektiv, og sett frå kundanes ståstad. Dessutan blir ikkje eit bysentrum meir attraktivt enn det gjer seg sjølv. Dersom folk likar seg i sentrumsområdet, føregår handlinga der. Føretrekkjer ein varehus i utkanten, så vankar ein der. Avgiftskåte politikarar korkje kan eller skal overprøva folks handlemønster og -vanar. Elles har eg aldri forstått kvifor så mange politikarar på riksplan ser med uvilje og negativitet på store varehus. Dessutan kan ikkje trivsel i eit bysentrum framkallast gjennom politiske vedtak. Trivselen blir skapt gjennom dei aktørane som har tilhald der. Ei politisk favorisering av bysentrum er ikkje av det gode.

Den største inkonsekvensen i lovframlegget har nettopp samanheng med mange politikarars ønske om at fleire skal handla i sentrumsområda. Det er visseleg slik at når vi skal ut og handla, lyt vi nytta bil. Vi handlar ikkje berre ein pakke tyggegummi i slengen. Dessutan er det vanleg at familien samla dreg og handlar. Under eit kvart omstende er det uvanleg at berre ein i husstanden gjer innkjøpa. Handleturane er med på å halda familiane samla, og utgjer eit høgdepunkt i kvardagens ofte grå trivialitetar. På eit stort varehus går folk under tak, utan fare for å bli våte eller forfrosne, og ein får det ein treng på ein og same stad. Akkurat dette greier ikkje sentrum å matcha! Uansett er det altså slik at bilen må nyttast som transportmiddel når vi er ute og handlar. Det er upraktisk å dra fleire kolli med seg på ein buss - som kanskje ikkje går, heller! Norske hushald treng meir enn tyggegummi og trådsneller. Vi registrerer at det frå politisk hald er ønske om redusert biltrafikk i bykjernane. Men dei same politikarane vil ha meir handel i sentrumsområda. Då må dei også godta biltrafikk i gatene, for bilen må nyttast når vi er på handletur. Her har vi ein kollisjon mellom ønskemål og nakne realitetar. Ein greier ikkje å få ned biltrafikken i gatene dersom stadig fleire skal handla i sentrum. Varehusa i utkantane av byane, derimot, er med på å redusera bilkøyring i sentrumsgatene, og det blir følgjeleg mindre press på parkeringsplassane osv. Sjølv sparer eg bilen for mange mil pr. år ved å handla på eit stort varehus i utkanten av byen som eg soknar til, og denne miljøfaktoren må telja for departementet. Ein må hugsa på at ein by ikkje berre er for byens eiga befolkning, men midtpunkt for ein heil region. Varehusa bremsar biltrafikken frå landdistrikta inn mot byen, og er ikkje det ein føremon? Folk i sentrumsområda er ikkje dei mest hyppige gjestene på dei store varehusa, vil eg tru, utan at eg kjenner til empiri i denne samanhengen. Det er snarare innbyggjarane i bygdene som sluttar i størst grad opp om varehusa i utkantane.

Parkeringsavgift ved varehus, etter instruks frå kommunane, blir feil, i kvart eit perspektiv, og ei ekstrabør for husstandane i landet. Alle ytre og praktiske forhold tilseier at folk må køyra bil til og frå butikkane, om dei er i ein bykjerne eller innanfor veggene på eit varehus nær sentrum. Det er utanfor ei kvar form for realisme å hevda at ein skal reisa kollektivt når ein skal handla varer av ymse slag. Kor naiv er det mogleg å bli? Realitetane tilseier at varehusa er ein styrke for det ytre miljøet. På varehusa trivst eg, og her trivst andre folk. Ingen må misunna varehusa for at desse har stor tilstrøyming av kundar. Politikarane må heller ikkje straffa kundane på varehusa økonomisk ved å innføra pålegg om parkeringsavgift. Ei slik avgift får ikkje fleire til å handla i sentrum. I staden fører ei avgift til irritasjon og auka politikarforakt, garantert.

Vennleg helsing


Svein Elling Austbø